



*”Samnanger kommune – der du vil leva og bu”*

*Rusmiddelpolitisk handlingsplan for  
Samnanger kommune  
2007 – 2011*



*”Det store spranget”*

Vedteken i Kommunestyret i Samnanger. Sak nr. 1/07.

## Føreord

Denne planen har fått undertittelen **Det store spranget**. Både biletet på framsida og denne undertittelen er symbolsk og er meint å illustrera utfordringa det er for born og ungdom å ta spranget ut i den store og ofte kompliserte vaksenverda. Ein av utfordringane dei møter er å takla tilhøvet til bruk / misbruk av rusmidlar. Mange snublar og ”dett ned” når dei freistar å takla denne vanskelege oppgåva, og mange treng hjelp til å meistra vanskane som kan oppstå. Dei fleste går det bra med, men for nokre går det riktig ”gale”; rusmidlar tek heilt styringa på livet og det vert vanskeleg å få utretta noko som helst. Ungdom og born treng at vaksne er tydelege og stiller opp for dei. Då vil denne vanskelege overgangen verta lettare.

Det er denne kjensgjerninga som ligg i botn for det arbeidet som no er gjort med å laga ein rusførebyggjande plan for Samnanger kommune. Det vesle lokalsamfunnet vårt, **Samnanger kommune – der du vil leva og bu**, må stilla opp for born og unge slik at dei kan få ei fin ungdomstid utan å ta skade av den.

Me ynskjer at alle aktuelle aktørar i kommunen må ta del i arbeidet med eit planmessig godt oppvekstmiljø. Plandokumentet er ikkje laga for å verta liggjande i ei skuff, men er ein reiskap i arbeidet med barn og unge. Bruk difor planen aktivt!

Tysse, 20 november 06

Thore Austnes  
Leiar for sosial- og helseeininga

Magda Haugen  
Sakshandsamar

# Ruspolitisk handlingsplan for Samnanger kommune

## Innhold

Kap	Av- snitt	Av- snitt	Innhold	Side. nr.
<b>1</b>			<b>Innleiing</b>	5
	1.1		Arbeidet med planen	5
	1.2		Kommunestyret sine føringar	5
	1.3		Lovgrunnlag	6
<b>2.</b>			<b>Ansvarsfordeling</b>	6
	2.1		Staten sitt ansvar	6
	2.2		Kommunen sitt ansvar	6
<b>3.</b>			<b>Rusmiddelsituasjonen</b>	7
	3.1		Rusmiddelsituasjonen i Noreg	7
	3.2		Rusmiddelsituasjonen i Samnanger kommune	7
		3.2.1	Spørjeundersøking blant ungdomsskuleelevar	7
		3.2.2	Førespurnad til ulike instansar / personar i kommunen	9
		3.2.3	Omsetjing av alkoholhaldig drikke i Samnanger kommune	10
<b>4.</b>			<b>Skjenkepolitikk i Samnanger kommune</b>	11
	4.1		Skjenkeløyve og salsløyve	11
	4.2		Skjenkekontrollen	12
<b>5.</b>			<b>Ruspolitiske mål og strategiar</b>	12
	5.1		Nasjonale mål og strategiar	12
	5.2		Kommunale mål og strategiar	13
<b>6.</b>			<b>Tiltak</b>	14
	6.1		Eksisterande tiltak	14
	6.2		Førebyggjande tiltak blant born og unge	14
		6.2.1	Innføring av MOT	14
		6.2.2	Tverrfagleg rusførebyggjande gruppe	15
		6.2.3	Årleg haldningskampanje	15
		6.2.4	”Det store spranget” Prosjekt for motivera og aktivisera uorganisert ungdom i eit ruskonkurrerande tiltak.	15
	6.3		Følgja med på rusmiddelsituasjonen i kommunen	15
		6.3.1	Årleg spørjeundersøking blant ungdomsskuleelevane	16
		6.3.2	Kartlegging av rusmiddelsituasjonen mellom 15-18 åringar	16
		6.3.3	Kartlegging blant ungdom generelt: Psykkiske lidningar som ein følgje av rusmiddelbruk	16
	6.4		Tiltaksoversikt	16
<b>7.</b>			<b>Oppfølging av planen</b>	17
	7.1		Oppsummering / konklusjon	17

<b>8.</b>		<b>Vedlegg</b>	18
	8.1	Spørjeskjema brukt på ungdomsskolen 2006	18
	8.2	Brev til Politietaten	20
	8.3	Brev til andre instansar m/ liste over mottakarane	21

## 1. Innleiing

### 1.1. Arbeidet med planen

Etter § 1-7 d i Lov om alkoholhaldige drikkevarer (alkohollova) er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Samnanger kommune vedtok alt i sak 16/00 i år 2000 å starte opp arbeidet med ein ruspolitisk handlingsplan. Arbeidet med å laga planen vart forankra både administrativt og politisk etter vedtaket i Kommunestyret.

Diverre kom aldri dette arbeidet i mål grunna skifte av leiing ved sosial- og helseininga og stor saksmengd.

Planen vert difor no gjennomført som ei rein administrativ oppgåve. Ein har likevel med seg dei politiske signala frå tidlegare. Sentralt i arbeidet står også rusførebyggjande gruppe der følgjande instansar / personar er med:

- Sokneprest
- Kommunelege 1
- Leiar for sosial- og helseininga
- Lensmann i Samnanger kommune
- Ordførar
- Leiande helsesøster
- Psykiatrisk sjukepleiar
- Skjenkekontrollen
- Pedagogisk konsulent
- Rektor Samnanger ungdomsskule

### 1.2. Kommunestyret sine føringar

Kommunestyret vedtok også nokre moment som skulle leggjast vekt på i arbeidet:(sitat frå kommunestyrevedtak nr. 16/00)

1. Målet med planen skal vere heilskapeleg førebygging
2. Redusere og motverke skadeverknad ved alkoholbruk, individuelt og samfunnsmessig, samt misbruk av narkotiske stoff .
3. Skape auka forståing om samanheng mellom bruk / misbruk av ulike rusmiddel.
4. Tiltak for å heve debutalderen for bruk av all alkohol (hindre langing til mindreårige).
5. Det vert utarbeidd retningsliner for samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar. Eit rusfritt og rusførebyggande miljø vert prioritert ved tildeling av kommunale midlar.
6. De vert oppretta eit tverrfagleg samarbeidsutval, med administrative representantar frå politi, skule, helse, sosial, samt ordførar. Utvalet sitt hovudmål kan vere:
  1. Halde seg orientert om rusmiddel og situasjonen i kommunen
  2. Utvikle og setje i verk førebyggande tiltak
  3. Hjelp rusmiddelmisbrukarar gjennom eit tverrfagleg samarbeid, samt bistå lag og organisasjonar med førebyggande tiltak.

### 1.3. Lovgrunnlag


Ulike lover legg grunnlaget for korleis det lokale rusmiddelarbeidet skal gjennomførast. Hovudstrategien for arbeidet er lagt i:

- **Lov om sosiale tjenester, 1991.**
  - Lova rører ved førebyggjande innsats, oppsøkjande arbeid og tilrettelegging med støtte og oppfølging ovanfor rusmiddelbrukarar.
- **Lov om barneverntjenester, 1992**
  - Gjev eit særskilt førebyggjande ansvar for å følgja med på tilhøva som born og unge lever under, og finna eigna hjelpetiltak når lova krev dette.
- **Kommunehelsetenestelova, 1982.**
  - Kommunen skal gjennom helsetenesta fremja folkehelse og trivsel.
- **Alkoholova (Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.), 1989.**
  - Legg grunnlaget for sals- og skjenkepolitikken.
  - § 1,7-d pålegg alle kommunar å ha ein alkoholpolitisk handlingsplan.

## 2. Ansvarsfordeling

### 2.1. Staten sitt ansvar

Staten har det overordna ansvaret med omsyn til å tilretteleggja for rusførebygging og oppfølging / behandling av rusmisbrukarar. I 2004 vart det gjort eit omfattande arbeid med den nye rusreforma som mellom anna gjev rusmisbrukarar juridisk rett til behandling i helsevesenet.



Staten skal gjennom Fylkesmennene og Helsetilsynet føra tilsyn og kontroll med kommunal verksemd og med Helseføretaka på dette området. Det høyrer også til Staten å gje god informasjon til dei instansane som er involverte i arbeid knytt til rusførebygging og behandling.

### 2.3. Kommunen sitt ansvar

Kommunane er gjennom ulike lover pålagde å driva generell førebygging. I Sosialtjenestelova § 3,1 heiter det mellom anna: ”Gjennom informasjon og oppsøkjande virksamhet skal sosialtjenesten arbeide for å forebygge og motvirke misbruk av alkohol og andre rusmidler, og spre kunnskap om skadevirkninger ved slik bruk.”

Vidare gjev § 4 i lova mellom anna følgjande føringar:

*”Sosialtjenesten skal gi opplysning, råd og veiledning som kan bidra til å løse eller forebygge sosiale problemer. Kan sosialtjenesten ikke selv gi slik hjelp, skal den så vidt mulig sørge for at andre gjør det.”*

### **3. Rusmiddelsituasjonen**

#### **3.1. Framstilling av rusmiddelsituasjonen i Noreg.**

Helse- og omsorgsdepartementet gjev jamleg ut rapportar om rusmiddelsituasjonen i Noreg. Den siste kom i oktober 2006. I korte trekk kan den oppsummerast slik:

- Det totale registrerte alkoholforbruket 1 2005 var 6,37 liter rein alkohol pr. person frå 15 år og over. Noreg har det lavaste forbruket i Europa, andre land me kan samanlikna oss med ligg langt høgare. Danmark har f.eks eit forbruk på over 14 liter rein alkohol pr. innbyggjar.
- Debutalderen har gjennom fleire år vore omkring 14,5 år for øl og 15 år for vin og brennevin.
- I Oslo går tal ungdomar som drikk alkohol ned. Dette skuldast truleg at det vert fleire og fleire muslimar og desse vel å ikkje nytta alkohol.
- Tal aktive injiserande rusmiddelavhengige (sprøytenarkomane) vert vurdert til å vera stabilt, ca. 11.000-15.000 personar.
- Ca 200.000 born vert berørt av at foreldre har rusmiddelproblem.

#### **3.2. Framstilling av rusmiddelsituasjonen i Samnanger kommune.**

For å få vita noko om korleis stoda er når det gjeld bruk / misbruk av rusmiddel i kommunen har ein valt å nytta følgjande metodar:

- Spørjeundersøking blant ungdomsskuleelevar.
- Brev med spørsmål til aktuelle instansar / personar i kommunen. Av 20 førespurde instansar / personar har 12 svart.
- Systematisering av statistikk for sal / skjenking av alkoholhaldig drikke i Samnanger kommune.

Ein har valt å ha fokus på barn og unge når det gjeld spørjeundersøkinga og spørsmåla som er retta til dei aktuelle instansane i kommunen.

##### **3.2.1. Spørjeundersøking blant ungdomsskuleelevar.**


Hausten 2006 vart det gjennomført ei spørjeundersøking i 8-10 klasse på Samnanger ungdomsskule. Av 93 spurde svarte 86 % på spørsmåla i eit spørjeskjema. Skjemaet har 13 spørsmål, men det er ikkje alle som eignar seg for analyse i ein plan som denne.

Figur 1: Om lag 50 % av dei som svarta, har ikkje debutert med alkohol.

Av dei som seier at dei har debutert, er det stor spreiding i debutalder. Gjennomsnittleg debutalder 12,5 år, og det er ein tendens til at i denne gruppa er det flest jenter.


Figur 1 viser også at det er mest vanleg å debutera på alkohol kring 13 års-alder både for gutar og jenter.

Figur 1.



Spørsmål 5 i spørjeskjemaet; kor ofte drikk du alkohol no? Figur 2 nedanfor viser at dei aller fleste av ungdomsskuleelevane svært sjeldan tek i bruk alkohol. 80% svarte at dei aldri eller sjeldan (mindre enn ein gong pr. halvår) drikk alkohol. Bruken av alkohol ser ut til å vera marginal blant 13- og 14-åringar, medan det mellom 14-15-åringane er nokre få som drikk alkohol gjennomsnittleg 2 gongar pr. måned. Ingen oppgjev at dei drikk ein gong for veka eller meir.


Figur 2.



Spørsmål nr. 6 i skjemaet: Kvifor drikk du ? (figur 3) Her ser ein tydeleg tendens til at tenåringane i denne undersøkinga drikk alkohol fordi dei ynskjer å prøva det ut og fordi det er spennande.



Figur 3.



### 3.2.2. Førespurnad til aktuelle instansar / personar i kommunen

Nedanfor følgjer i korte trekk dei innspela som er komne i høve rusmiddelsituasjonen i kommunen.

- Sosialtenesta  
Her finst ikkje noko sikker statistikk, så uttalane er basert på dei inntrykk ein får gjennom kontakt med klientar / personar som søker råd / rettleiing / hjelp hjå sosialtenesta. 10-12 personar har problem knytt til rus. Det meste er alkoholrelatert, men det er også personar som nyttar narkotiske stoff. Dei har vidare grunn til å tru at det føregår ein del rusmisbruk i private heimar. Klientar fortel om at "mange" nyttar hasj og amfetamin i kombinasjon med alkohol og at dette er lett å få tak i.
- Helsesøster  
Trur det er generelt mykje alkoholbruk i aldersgruppa 16 år og oppover. Det er ein del heimefestar som trekkjer yngre til seg. Ho trur det er lite bruk av narkotiske stoff blant ungdom no i høve til for nokre år sidan.
- Legetenesta  
Dei har ikkje inntrykk av at det er utbreidd bruk / misbruk av alkohol / narkotiske stoff blant 13-16åringar. Det er vanskeleg å seia noko når det gjeld bruk / misbruk blant personar som er eldre enn dette. Det viser seg ofte at dei som har alkohol- eller rusproblem ofte også slit med andre problem som psykiske lidningar.
- Psykiatritenesta  
Dei trur at dei fleste ungdomar debuterer med alkohol først etter konfirmasjonsalder, men trur ikkje at rusbruk blant dei yngste i aldersgruppa 13-16 år er noko stort problem. Dei trur vidare at det er ein del rusbruk blant ungdomar frå 15-års alder i helger. Det er vanskeleg for psykiatritenesta å seia om alkoholbruken utgjør eit stort problem blant ungdomar, men for nokre synest alkoholbruken å vera foruroligande stor.
- Politietaten  
Dei har ikkje noko statistikk, men opplever sjeldan at ungdomar i aldersgruppa 13-16 år er rusa. Det hender at dei møter rusa ungdomar i alderen 18-20 år når det er arrangement i kommunen som tiltrekkjer seg denne aldersgruppa. Politiet trur at ein stor del av straffbare forhold er utført av rusa personar. Når det gjeld bruk av

narkotiske stoff, er det sjeldan at politiet møter denne problematikken no. Dei siste 2 åra har dei fått færre opplysningar om narkotikabruk enn tidlegare.

- Ungdomsskulen  
Kjenner lite til om born og unge i skulane våre har rusproblem.

Nokre av instansane som svara på førespurnaden har lite eller ingenting å seia om rusmiddelsituasjonen i kommunen vår. Ein merkar seg også at nokre instansar ikkje har svart i det heile.


### 3.2.3. Omsetjing av alkoholhaldig drikke i Samnanger kommune

Følgjande statistikk er laga på grunnlag av dei rapportane som salsstadane sender til kommunen kvart år. Omsetjinga av vin og brennevin er så liten at den ikkje viser att i dette diagrammet.

Figur 4: Total mengde omsett er 93897 liter alkoholhaldig drikke i 2005. Dette utgjør 4418,718 liter rein alkohol, eller 2,34 liter pr. innbyggjar over 16 år. For å koma fram til dette talet er det nytta omrekningsnøklar frå SIRUS (Statens institutt for rusmiddelforskning)

Sidan me ikkje har vinmonopol i Samnanger kommune, kjøper nok innbyggjarane alkohol også andre stader. Mykje av den alkoholen som vert seld i kommunen vert nok kjøpt av gjennomreisande; hyttefolk og andre som legg turen innom kommunen. I tillegg kan me rekna med at innbyggjarane nyttar alkohol som ikkje er registrert omsett på nokon måte. Dvs at det er fleire som lagar alkoholhaldig drikke sjølve slik som vin og øl. Det talet som kjem fram i denne statistikken (figur 4) er difor ikkje fullt ut "sant" når ein skal måla kor mykje samningane drikk.


Figur 4.



\* Tala frå Kiwi innbefattar også tal frå Spar (Brigtsen) som hadde butikken nokre månader i 2005. Gjerde kolonial la ned drifta i oktober 2005.

Diagrammet (figur 5) viser auke i sal av øl frå 2004 – 2005. Øl er dominerande drikkevarer og det er ein auke på 16% frå 2004-05. Andre typar alkoholhaldig drikke har marginal omsetnad.

Figur 5.



#### 4. Skjenkepolitikk i Samnanger kommune

Det har i ei årrekke vore tradisjon for at Kommunestyre gjev skjenke- og salsløyve til dei butikkane og skjenkestadene som har søkt om det. Det har kvar gong vore debatt om denne praksisen der mange kommunestyremedlemmar har engasjert seg sterkt i saka. Avgjerande for denne praksisen har nok vore at daglegvarebutikkane må få konkurrere på lik line med butikkar i andre kommunar.

I Samnanger kommune ynskjer me å følgja utviklinga nøye, og ta omsyn til ulike interesser i sakshandsaminga av søknader om einskildløyve, utviding av skjenketider og ambulerande skjenkeløyve. Målet må vera å skapa gode tilhøve for både brukarane, skjenkeløyvehavar og salsløyvehavar. Det skal også takast omsyn til dei av innbyggjarane som ikkje nyttar seg av tenestene

Ein legg til grunn at Kommunestyret som tidlegare vil setja krav om god forvaltning av sals- og skjenkeløyva som eventuelt vert gjevne, og at Skjenkekontrollen gjer aktiv bruk av kontrollreiskapane sine. Kvar enkelt butikk eller skjenkestad vil få ei individuell vurdering og det vil verta innhenta uttale frå Sosial- og helseeininga samt frå Politietaten før sak om sals- skjenkeløyve vert lagt fram for kommunestyremøtet.

##### 4.1. Skjenkeløyve og Salsløyve

Følgjande skjenkestader / butikkar har høve til skjenking / sal av alkoholhaldig drikke etter vedtak i Kommunestyret i 2003.

Salsstader / skjenkestader	Skjenkeløyve	Salsløyve
Kiwi - Bjørkheim		X
Spar – Tysse		X
Bjørkheim Kro og motell	X	

Vedtak om sal / skjenking vert gjort av kommunestyret 1 gong for kvar valperiode. Politiet og Sosial- og helseeininga gjev uttale før vedtak vert fatta.

I tillegg er det delegert til administrasjonen å gje einskildløyve (løyve til å skjenka til alle dei som kjem til eit arrangement) og ambulerande løyve (løyve til å skjenka der det berre er innbodne gjester i lukka lag) til privatpersonar og lag / organisasjonar. Bjørkheim kro og motell har også nokre gonger fått utvida skjenkeløyvet frå 01.00 til 02.00 etter særskild søknad. Tabellen nedanfor viser kor mange slike løyve som er gjevne i perioden 2003-2006:

Type løyve	2003	2004	2005	2006*
Ambulerande løyve	2	4	4	4
Einskildløyve	0	1	1	0
Utvida skjenkeløyve på Bjørkheim kro og motell	0	5	2	2
Totalt	2	10	7	6

\*Tala for 2006 er førebelse (t.o.m. 14.11.06)

## 4.2. Skjenkekontrollen

Lov av 2.juni 1989 om omsetning av alkoholhaldig drikke m.v. regulerer kommunane si plikt til å ha skjenkekontroll på sal og skjenking.

Samnanger kommune v / Kommunestyret har delegert ansvaret for skjenkekontrollen til administrasjonen. Samnanger kommune har avtale med Kvam Herad om Skjenkekontroll. Dette er ei ordning som no har fungert sidan 1999. Med i ordninga er også følgjande kommunar: Eidfjord, Fusa, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ulvik og Voss. Kvam Herad har arbeidsgjevaransvaret for tiltaket og Skjenkekontrollen har kontor i Kvam Herad sine lokale.

I tillegg til å kontrollera sals- og skjenkeløyve ved dei faste salsstadene, kontrollerer dei også einskildløyve og ambulerande løyve som kommunen gjev.

Skjenkekontrollen gjev melding til kommunen når dei har hatt kontrollar og rapporterer dersom det er merknader eller direkte brot på vilkåra for tildeling av løyve.

Ein legg til grunn at Samnanger kommune skal vera med i denne ordninga også i planperioden.

## 5. Ruspolitiske mål og strategiar

### 5.1. Nasjonale mål og strategiar

*Regjeringens handlingsplan mot rusmiddelproblemer 2006-2008*

([http://www.dep.no/filarkiv/254608/Handlingsplan\\_rus\\_2006-2008.pdf](http://www.dep.no/filarkiv/254608/Handlingsplan_rus_2006-2008.pdf)) er forankra i

*Handlingsplan mot rusmiddelproblemer 2003-2005* og omfattar både alkohol og narkotika.

Uavhengig av type rusmiddel er det eit mål å førebyggja at skadar oppstår og å behandla og redusera skadar som har oppstått. Følgjande nasjonale visjon og mål er lagt til grunn for planen:

**Visjon:**

Frihet fra rusmiddelproblemer.

**Hovedmål:**

En betydelig reduksjon i de sosiale og helsemessige skadene av rusmiddelbruk.

**Viktige strategiske mål:**


Forebygge alle typer av rusmiddelbruk, med særlig fokus på forebyggende arbeid blant barn og ungdom.

Bedre tilgangen til effektiv rådgivning, hjelp og behandling for personer med rusmiddelproblemer og deres pårørende.

Oppnå en vesentlig reduksjon i forekomsten av rusmiddelrelaterte helseskader og antallet rusmiddelrelaterte dødsfall.

**5.2. Kommunale mål og strategiar**

Målformuleringar for Kommuneplan 2007- 2017 er vedtekne i kommunestyret i november 06. Det eine av satsingsområda der er levekår, og hovudmålet når det gjeld levekår i Samnanger kommune er følgjande:



**Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane.**

Med forankring i dei nasjonale måla i rusmiddelplanlegginga, kommunestyrevedtak i sak 16/00 og kommuneplan for Samnanger kommune 2007-2017 legg Sosial og helseeininga følgjande mål til grunn for det rusmiddelpolitiske arbeidet i Samnanger kommune:

1. Arbeida med vaksne og foreldre sine haldningar til alkoholdebuten og rusmiddelbruken til ungdomane.
2. Arbeida for å hindra at unge tek i bruk rusmiddel.
3. Utvikla tiltak som skaper gode alternativ til rus for unge i alderen 13-18 år.
4. Arbeida for å redusera alkoholbruken til dei vaksne.
5. Styrkja den lokale innsatsen ovanfor personar med rusproblem.
6. Arbeida for framleis god kontroll i sals- og skjenkepolitikken.

## 6. Tiltak



### 6.1. Eksisterende tiltak

Følgjande tiltak eksisterer pr. i dag. Desse tiltak er meint å vera førebyggjande og kan kanskje bidra til å fanga opp personar som er i risikosona for å utvikla rusmisbruk:

- Samtalegrupper i 8. klasse
- "Vær røykfri"
- Prosjektarbeid om rus
- "Alle har en psykisk helse" innført i ungdomsskolen haust 06.
- Individuelle elevsamtaler med 9.klasse
- Div. program på barnsteget som "Steg for steg": eit undervisningsopplegg for reduksjon av aggressiv åtferd og læring av sosial kompetanse.
- Foreldremøte: foreldra sine haldningar og bruk av alkohol.
- Arbeid drive av friviljuge organisasjonar.

Det er ein føresetnad at desse tiltaka som alt er i gang vert vidareført i skulane / helsetenesta. I tillegg innfører Samnanger kommune følgjande tiltak:

### 6.2. Førebyggjande tiltak blant born og unge

#### 6.2.1. Innføring av MOT

MOT er ein nasjonal kampanje der born og unge vert sett i sentrum for å skapa varmare og tryggare oppvekstmiljø.

**MOTs visjon** Varmare og tryggare oppvekstmiljø

**MOTs grunntanke** Styrke menneska sitt mot til å ta vare på seg sjølv og kvarandre.

**MOTs kjerneverdier** MOT til å leva MOT til å bry seg MOT til å seia nei

**MOT-pedagogikken er utviklet av Atle Vårvik. Han har i samarbeid med Johann Olav Koss og tre tidlige rusmisbrukere, utviklet grunntankene i en løsningsorientert pedagogikk som dreier seg om læringskonsekvenser av psykisk, sosial og moralsk karakter.**

MOT-pedagogikken er en løsningsorientert pedagogikk som gjennom foredrag, coaching og andre læringsprosesser medvirker til refleksjoner og atferdsendring i både oppvekstmiljø, arbeidsmiljø og hos enkeltindivider.

Hovedintensjonen var å utvikle en pedagogikk som skulle redusere og forebygge mobbing, vold og rusmisbruk. I dag brukes MOT-pedagogikken også til å øke livskvalitet og forbedre kommunikasjon, kultur, sosialt klima, ledelse og krisemestring i forskjellige miljø.

”MOT-pedagogikken er i stor grad bygd på praktisk dømmekraft, og der iverksetteren i stor grad har vært preget av en form for pragmatisme som har vist seg i form av resultater og handlinger.”

Meir om MOT finn ein på følgjande lenkje:

<http://ny.mot.no/dotnetnukewebsite/Hjem/OmMOT/tabid/60/Default.aspx>

Ved å innføra dette opplegget i skulane er tanken at ein fokusera på barn og unge sin situasjon og gje dei **mot** til å meistra utfordringar betre. Ikkje minst gjeld dette å ha eit bevisst gjennomtenkt tilhøve til rusmidlar og kva desse gjer med ein. Friviljuge lag og organisasjonar bør også trekkjast inn i dette arbeidet.

### **6.2.2. Tverrfagleg rusførebyggjande gruppe**

Samansetjing av gruppa er nemnd i pkt. 1.1 i denne planen. Gruppa skal ha jamlege møter, minst 2 gonger pr år, elles etter behov. Oppgåvene for gruppa skal vera:

1. Følgja med på rusmiddelsituasjonen i kommunen.
2. Samordna tiltak
3. Rapportera til Utvalet for oppvekst og omsorg / Kommunestyret.

### **6.2.3. Årleg haldningskampanje på ungdomsskulen.**

Det vert lagt opp til å ha ein årleg haldningskampanje ved ungdomsskulen der ein set fokus på rusbruk / misbruk blant barn og unge. Her er det viktig å også nå foreldra til tenåringane. Ein kan gjerne satsa på eksterne krefter til slike kampanjar. Det er også viktig at ein trekkjer med seg dei elevane som går i 7. klasse på barnetrinnet slik at dei på eit tidleg stadium får informasjon om rusbruk og skadeverknadene med dette. Spørjeundersøkinga ved ungdomsskulen i 2006 viste at dei fleste som har debutert med alkohol har gjort dette kring 13-årsalder.

### **6.2.4. "Det store spranget" - Prosjekt for motivera og aktivisera uorganisert ungdom i eit ruskonkurrerande tiltak.**

Det har vist seg vanskeleg å aktivisera alle ungdomar. Nokon vil alltid falla utanfor dei organiserte fritidsaktivitetane og føla at dei ikkje finn seg til rette i opplegg verken som idrett, musikk eller annan aktivitet. I denne gruppa finn ein også gjerne dei som er i risikosona for å utvikla rusproblem.



For å starta prosessen med å etablera eit slikt tilbod, må det etablerast ei arbeidsgruppe der både kommunen, representert v/ ein sekretærfunksjon og ein polititar, og representantar frå ein eller fleire friviljuge lag og organisasjonar er med. Utvalet for oppvekst og omsorg må setja ned denne arbeidsgruppa Denne gruppa bør sjå på korleis eit slikt tilbod kan byggjast opp og korleis tiltaket kan finansierast.

Denne gruppa bør ha fokus på korleis ungdomane sjølv tenkjer og kva dei er opptekne av samt korleis ungdomen kan få gode rollemodellar. Det vert sett av kr. 40.000,- til forprosjekt slik at gruppa kan ha ein løna sekretær som kan arbeida med saka i ein intensiv periode.

### **6.3. Følgja med på rusmiddelsituasjonen i kommunen**

Det er viktig og heilt naudsynt for kommunen å følgja med i rusmiddelsituasjonen i kommunen. Dette fordi eit av hovudmåla er å freista å hindra, i alle høve redusera mest mogleg bruk av av alkohol og andre rusmidlar blant ungdomane våre.

Det er difor svært viktig å til ei kvar tid ha oversyn over rusmiddelbruk blant 13-18åringar i kommunen

### 6.3.1. Årleg spørjeundersøking blant ungdomsskuleelevar

Eit av tiltaka vert årleg spørjeundersøking blant ungdomsskuleelevar. Ein må då nytta same undersøking som i 2006 slik at resultatata frå år til år kan samanliknast.

### 6.3.2. Kartlegging av rusmiddelsituasjonen mellom 15-18åringar.

Ein må også freista å kartleggja rusmiddelsituasjonen for aldersgruppa 15-18åringar gjennom helsestasjonen og helsetenesta elles, men også gjennom dei friviljuge organisasjonane. For å få dette til, vil Sosial- og helseeininga i løpet av året 2007 søkja råd og rettleiing gjennom Stiftelsen Bergensklinikkene i Bergen og helseføretaket Helse Bergen.

### 6.3.3. Kartlegging blant ungdom generelt: Psykiske lidningar som ein følgje av rusmiddelbruk.

Forsking viser at ein stor del av dei psykiske lidingane som førekjem, kan relaterast til rusbruk. Det er eit ynskje for Sosial- og helseeininga å finna ut i kor stor grad dette er tilfelle i Samnanger. Det er også eit mål å etablera eit godt tverrfagleg samarbeid på dette området der helsetenesta spelar ei sentral rolle. Eininga vil difor søkja råd og rettleiing frå helseføretaket Helse Bergen for å få til ei kartlegging og eit slikt samarbeid

## 6.4. Tiltaksoversikt

Alle tiltak som er tenkt gjennomført i planperioden er skissert i tabellen nedanfor. I tillegg kjem alle dei tiltaka som alt eksisterer og som nemnde i pkt. 6.1

Type tiltak	Iverksetjing	Stipulert kostnad	Ansvar
Tverrfagleg rusførebyggjande gruppe	Eksisterande tiltak		Leiar for sosial- og helseeininga
Årleg haldningskampanje på ungdomsskulen med fokus på foreldre og ungdomar	Årleg i samarbeid Sosial- og helseeininga	40.000 (årleg ca. 10.000)	Rektor ved ungdomsskulen i samarbeid med leiar for Sosial- og helseeininga
MOT	2007 – kontinuerleg arbeid med opplegget		Rektorane i samarbeid med Sosial- og helseeininga.
Prosjekt "Det store spranget" Forprosjekt	Vår 2008	40.000,-	Utvalet for oppvekst og omsorg v/ leiar i samarbeid med leiar for Kultureininga.
Årleg spørjeundersøking ved ungdomsskulen	Årleg i samarbeid med ungdomsskulen		Leiar for sosial- og helseeininga
Kartlegging av rusmiddelsituasjonen for (15)16-18åringar (elevar i vidaregåande skule)	2008-2010. Ein gong i løpet av planperioden		Leiar for sosial- og helseeininga



Tverrfagleg samarbeid om og kartlegging blant ungdom generelt: Psykiske lidingar som ein følgje av rusmiddelbruk	2008-2010. Ein gong i løpet av planperioden		Leiar for sosial- og helseeininga.
--	---	--	------------------------------------

Det er vanskeleg å stipulera kostnader til dei nemnde tiltaka. Det meste på denne lista vil kosta pengar, men det er vanskeleg å seia noko om kva dei ulike tiltaka vil kosta. Dette må ein koma attende til i vurderingane i rulleringane av planen.

## 7. Oppfølging og iverksetjing av planen

Tiltaka vert gjennomført som skissert i tabellen ovanfor. Planen skal evaluerast kvart år av sosial- og helseeininga v / einingsleiar og skal hovudevaluerast i Utvalet for oppvekst og omsorg innan 1. halvdel av 2011. Planen skal integrerast i andre planar som vedkjem barn og unge.

### 7.1. Oppsummering konklusjon.

Kartleggingsdelen av denne planen viser at dei fleste ungdomsskuleelevane ikkje har problem i høve til rusbruk. Dette er gledeleg, men ein må ikkje gløyma at nokre elevar i aldersgruppa kan utvikla rusproblem og at det trengs førebygging, hjelp og støtte.

Det er trong for å få meir innsyn i 16-18 åringane sitt tilhøve til rusbruk. Statistikken viser at sal av øl aukar i kommunen vår, og me kan rekna med at denne aldersgruppa konsumerer øl i stadig større mengder. Truleg er det her dei største utfordringane ligg i høve til å tilretteleggja for førebygging.

Saman kan innbyggjarane i Samnanger kommune meistra det ”Store spranget” ved å tilretteleggja for å nå måla og gjennomføra tiltaka. Med dette plandokumentet har ein lagt grunnlaget for ein vellukka politikk på området.



## 8. Vedlegg

### 8.1. Spørjeskjema brukt på ungdomsskolen

#### Spørjeundersøking blant ungdomsskuleelevar i Samnanger kommune om bruk av rusmidlar – oktober 2006.

I arbeidet med ein plan for rusførebygging i Samnanger kommune ynskjer me å få eit bilete av om ungdom nyttar rusmidlar og i kva grad dette skjer.

Nedanfor følgjer nokre spørsmål som me ber om at du svarar på. Du svarar anonymt, dvs at ingen veit kven som har svart eller kva dei har svart på dei ulike spørsmåla. Prøv å vera så ærleg som råd er når du svarar.

1. Kjønn:

Jente	
Gut	

(set kryss)

2. Din alder?:

3. Har du nokon gong drukke alkohol?

Ja	
Nei	

(set kryss)

4. Dersom svaret på spørsmål 3 var ja; kor gamal var du då du smakte alkohol første gong?

5. Kor ofte drikk du alkohol no?

Aldri	
Sjeldan - 1 gong for halvåret eller mindre	
1 gong i månaden	
2 gongar i månaden	
1 gong for veka eller oftare	

(set kryss der det høver)

6. (Dersom du har svara at du aldri drikk alkohol, skal du ikkje svara på spørsmål 6) Dersom du har svara at du drikk alkohol i spørsmål 5; Kvifor drikk du?

Fordi det er godt å verta rusa	
Fordi vennene mine drikk	
Fordi eg har lyst å prøva det ut	
Fordi det er spennande	
Anna årsak: (fortel)	

(set kryss der det høver - du kan gjerne setja fleire kryss)

7. Opplever du at foreldre eller andre nære pårørande drikk alkohol ?

Aldri	
Sjeldan - 1 gong for halvåret eller mindre	
1 gong i månaden	
2 gongar i månaden	
1 gong for veka eller oftare	

(set kryss der det høver)

8. (Dersom du har svara at foreldre eller andre nære pårørende aldri drikk alkohol, skal du ikkje svara på spørsmål 8)  
Dersom du har svara at du opplever at foreldre eller nære pårørende drikk alkohol (spørsmål 7): Tykkjer du at dette drikkemønsteret er vanskeleg å leva med ?

Ja	
Nei	

(set kryss)

9. Har du nokon gong nytta andre rusmiddel enn alkohol?

Ja	
Nei	

(set kryss)

10. Dersom du svara ja på spørsmål 9: Kva for rusmiddel har du nytta?

--

11. Nyttar du jamleg andre rusmiddel enn alkohol?

Ja	
Nei	

(set kryss)

12. (Dersom du har svara nei på spørsmål 11, skal du ikkje svara på spørsmål 12)  
Dersom du svara ja på spørsmål 11: Kor ofte nyttar du andre rusmiddel?

Sjeldan - 1 gong for halvåret eller mindre	
1 gong i månaden	
2 gongar i månaden	
1 gong for veka eller oftare	

(set kryss der det høver)

13. Har du tankar eller meiningar om temaet "Ungdom og rus"? Då er me takksame dersom du skriv det her:

--

Tusen takk for at du tok deg tid til å svara på spørsmåla!

## 8.2. Brev til Politietaten

Lensmannen i Samnanger  
Bjørkheim

5652 ÅRLAND

Saksnr/Løpenr.  
03/00052/003381

Arkivkode  
F60 &30

Dykkar ref.:

Avd/Sek/Saksh  
SOS/TA/MH

Tysse, 09.10.2006

### **RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE Førespurnad til Lensmannen i høve utarbeiding av planen.**

Som De kjenner til arbeider administrasjonen i Samnanger kommune med utarbeiding av ruspolitisk handlingsplan. Planen skal handsamast i Kommunestyret før årsskiftet.

Administrasjonen vil føreta ei spørjeundersøking blant ungdomar på ungdomstrinnet (13-16 år) i veke 41/06.

I høve planarbeidet er det også trong for å få vita noko meir om rusmiddelbruk blant ungdom generelt i kommunen. Me ynskjer difor å vita korleis Lensmannsetaten opplever

- rusbruk blant ungdom i aldersgruppa 13-16 år?
- rusbruk blant ungdom i aldersgruppa 16-20 år?
- bruk av narkotiske stoff mellom born og unge generelt?
- samarbeidet med Samnanger kommune i enkeltsaker og i det førebyggjande arbeidet når det gjeld rusbruk blant born og unge?

I tillegg ynskjer me svært gjerne at Lensmannsetaten gjev innspel til kva tiltak som kan vera aktuelle i det rusførebyggjande arbeidet i kommunen.

Me ber om svar på desse spørsmåla så snart som råd er; helst innan veke 42/06.

Ta gjerne kontakt dersom De har spørsmål til dette brevet.

Med helsing

Thore Austnes  
Leiar for sosial- og helseeininga

Magda Haugen  
Sakshandsamar

### 8.3. Brev til andre instansar

Liste av personar / Instansar (sjå nedanfor)

Saksnr/Løpenr.  
03/00052/003411

Arkivkode  
F60 &30

Dykkar ref.:

Avd/Sek/Saksh  
SOS/SOS/TA

Tysse, 10.10.2006

#### **RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE** **Førespurnad til ulike instansar / personar om innspel til arbeidet med ruspolitisk handlingsplan.**

Sosial- og helseeininga i Samnanger kommune arbeider for tida med ruspolitisk handlingsplan. Planen skal handsamast av Kommunestyret før årsskiftet.

Sosial- og helseeininga vil føreta ei spørjeundersøking blant elevar på ungdomstrinnet (13-16år) i veke 41/06.

I høve planarbeidet er det også trong for å få vita noko meir om rusmiddelbruk blant ungdom generelt i kommunen og kva tiltak som kan setjast inn for å førebyggja rusproblematikk. Me ynskjer difor innspel frå så mange instansar som råd er.

Me ynskjer svar på / å høyra dine / Dykkar meiningar om følgjande spørsmål:

- Kor utbreidd er bruk av alkohol og andre rusmidlar blant ungdomar mellom 13 og 16 år i vår kommune?
- Vil du / De seia at rusmisbruk er eit stort problem blant denne aldersgruppa i vår kommune? I tilfelle svaret er ja, kan du / De seia noko meir om omfanget av problemet?
- Kva meiner du / De kan gjerast for å førebyggja problemet med rusmisbruk i vår kommune?

Dersom du / De meiner at du / De kan svara på eitt eller fleire av spørsmåla, må du / De gje svar i brevs form (evt. e-post) til underteikna så snart som råd er og helst innan utgangen av veke 42/06.

Med helsing

Thore Austnes  
Einingsleiar sosial- og helse

Magda Haugen  
Sakshandsamar

Vedlegg: Liste over førespurde personar / instansar

**Dokumentet er sendt til følgjande personar / instansar.**

- Audun Aase – Sokneprest
- Hilde Aarvik – Ungdomsarbeidar i Kyrkja
- Marius Filtvedt – Kommunelege 1
- Marit Aase – Ordførar
- Gunn Totland Moss – Helsesøster
- Ingrid T. Reknes – Psykiatrisk sjukepleiar
- Harald Johnsen – Skjenkekontrollen
- Hilde Seger – Koordinator for funksjonshemma.
- Marit Kulild – Rektor ved Gjerde skule
- Kjersti Mellingen Bruvik – Rektor ved Nordbygda skule
- Solvor Aadland – Rektor ved Samnanger ungdomsskule
- Anne Lise Tøsse – Rektor for Kulturskulen
- Johannes Tysseland – Leiar for Eining for kultur
- Nordbygda ungdomslag v/ leiar Linda Kolbotn
- Samnanger indremisjon v/ Rune Espelid
- Tone Ramsli – Administrasjonssjef
- Hilde Lill Våge – Ass. administrasjonssjef
- Tom Arild Rysjedal – Sosial og barnevernskonsulent
- Inger Karin Totland - Miljøterapeut